

# Mariehøna Barnehage

## ÅRSPLAN 2018/2019

MED DITT BARN I FOKUS!



Meland kommune  
*- Eit samfunn for alle -*

## Innhold

Innleiing.....	2
Kap. 1 Presentasjon av barnehagen .....	3
Kap. 2 Visjonar og kjerneverdier .....	4
Kap. 3 Foreldresamarbeid .....	5
Kap. 4 Omsorg .....	6
Kap. 5 Leik .....	7
Kap. 6 Læring .....	8
Kap. 7 Vår digitale praksis.....	9
Kap. 8 Danning.....	10
Kap. 9 Barn sin medverknad.....	11
Kap. 10 Dokumentasjon.....	12
Kap. 11 Vennskap og fellesskap .....	13
Kap. 12 Progresjon .....	14
Kap. 13 Fagområda.....	15
Kap. 14 Marihøna barnehage sine satsingsområder 2017/2018 .....	16
Kap. 15 Kommunikasjon, språk og tekst.....	17
Kap. 16 Kropp, rørsle, mat og helse .....	17
Kap. 17 Kunst, kultur og kreativitet.....	19
Kap. 18 Natur, miljø og teknologi .....	20
Kap. 19 Etikk, religion og filosofi.....	21
Kap. 20 Nærmiljø og samfunn .....	22
Kap. 21 Mengd, rom og form.....	23
Kap. 22 Årshjul – Kultur og tradisjonar .....	24
Kap. 23 Vurderingsarbeid .....	24
Kap. 24 Overgang frå barnehage til skule.....	26
Den gode barnehage; .....	27

## Innleiing

Det er Kunnskapsdepartementet som fastset **Rammeplanen for barnehagar**. Det ble vedteke ny **Rammeplan for barnehagar**, 24. april 2017. Marihøna barnehage jobbar ut frå denne forskrifta, som er hjemla i **Lov om barnehager**, frå 17. juni 2005.

### Årsplanen skal:

- vere ein plan for den pedagogiske verksemda
- vere eit arbeidsreiskap for dei tilsette
- vere eit informasjonsdokument for foreldre, barnehagens eigar, samarbeidsutvalet og andre

Denne årsplanen er laga av styrar, i samarbeid med pedagogiske leiarar og det øvrige personalet. Planen er til slutt godkjend av Samarbeidsutvalet i barnehagen.

**«En god barndom er viktig i seg selv og for resten av livet. Da må foreldre vite at barnehagen gir barna deres et godt grunnlag for fremtiden»**

*Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen  
(fra Rammeplan for barnehagar, 2017)*



## Kap. 1 Presentasjon av barnehagen og personalgruppa

**Marihøna barnehage** er ei to-avdelings barnehage, eigd av Meland kommune. Vi tek imot barn frå 0-6 år. Barnehagen er delt inn i avdelingar etter barna sin alder. Dei minste (0-3 år) går på Gul avdeling og dei største (3-6 år) går på Raud avdeling.

Barnehagen ligg sentralt på Frekhaug. Barnehagen vart bygd i 1987 og utvida i 1998. I tillegg til barnehagen sitt eige uteområde, nyttar vi fjell, skog og mark, som er å finne i barnehagen sitt nærmiljø.

**Opningstid: 07.00-17.00**

**Personalet i Marihøna barnehage:**

**Styrer: Camilla Smith-Strøm, tlf. 56171380/93094048**

### Gul avdeling:

Pedagogisk leiar:	Liv-Marit Fløysand	100%
Pedagogisk leiar:	Mariell Sagstad Hellestvedt	100%
Pedagogisk medarbeiar:	Christine Aalhus	100%
Pedagogisk medarbeiar:	Wenche Augustson	100%
Pedagogisk medarbeiar:	Cathrine Augustson	100%



### Raud avdeling:

Pedagogisk leiar:	Kristin Fiksdal	100%
Pedagogisk leiar:	Nancy Undheim	100%
Pedagogisk medarbeidar:	Nina B. Solberg	100%
Barne- og ungdomsarbeidar:	Jenny Westrheim	50%
Pedagogisk medarbeiar:	Nora Sæle	50%
Støtteassistent:	Therese Hammersland	100%
Lærling:	Carina Solsvik Jahren	100%
Ekstra assistent:	Lisbeth Bratshaug	60%



## Kap. 2 Visjonar og kjerneverdier

Våre kjerneverdier:



**Dette betyr for oss:**

**Likeverd og respekt** peikar på ulike kvalitetar ved barnehagekvardagen, som at barna skal oppleve å bli inkludert, likeverd og toleranse. Med dette meiner vi mellom anna at barna skal lære å vise omsyn til kvarandre, men også at dei skal bli oppfordra til å ta val, basert på eigne ynskjer og behov. Barns medverknad står her sentralt. Vi praktiserer ein *lyttande pedagogikk*. Dette handlar om å gi seg tid til å lytte til barna og forstå intensjonar og handlingar. Dette krev vaksne som samhandlar med barna, med utgangspunkt i det enkelte barnet sine interesser, behov og føresetnadar. Dei vaksne er aktivt lyttande, reflekterande og sensitive for barnas innspel.

**Glede og humor** handlar om barnet sin måte å vera i verda på. Humor skapar livsglede og aukar barnet sitt sjølvbilde. I Marihøna barnehage gler vi oss saman med barna, over små og store ting i kvardagen.

Med **nærleik og varme** meiner vi mellom anna at alle barn, gjennom nære og positive relasjonar skal få oppleve tryggleik, omsorg og hjelp til kjensleregulering. Positiv merksemd og dei vaksne si lyttande haldning stimulerer til god sjølvkjensle og eit godt sjølvbilde. Vi ynskjer å skape eit miljø der barna lærar å vise nærleik og varme ovanfor kvarandre.

Marihøna barnehage tilbyr eit varmt og inkluderande fellesskap, der alle barna opplever å bli sett, lytta til og anerkjend.

**VÅR VISJON: MARIHØNA BARNEHAGE – MED DITT BARN I FOKUS!**

## Kap. 3 Foreldresamarbeid

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik. Fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. (Barnehageloven § 1 Formål).

Vi tar både barn og foreldre på alvor. Vi ynskjer å gje eit tilbod, som gjer at foreldra kvar dag skal oppleve at barnet blir sett og får den oppfølginga det har krav på.

*«Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg»* (Rammeplan for barnehagen, 2017).

**Mål:** Gjennom eit nært samarbeid med foreldre/føresette skal vi leggja til rette for ein god barnehagekvardag for alle barn.

### Metodar:

- Dagleg kontakt når barnet vert levert og henta. Ved henting skal foreldre få tilbakemelding på tilhøve som gjeld deira barn.
- Vi nyttar **Vigilo**. Eit kommunikasjonsverktøy for barnehage-heim samarbeid.
- To planlagde foreldresamtalar i året.
- Tilrettelegging for samtalar ved behov.
- Bruk av tolk ved behov.
- Foreldremøter.
- Vi har respekt og anerkjenner ansvaret foreldra har i høve til barnet sitt.
- Vi er ein møtestad for barn og foreldre i nærmiljøet.
- Barnehagen er ein kulturformidlar, spesielt med tanke på foreldre med minoritetsbakgrunn.
- Vi gir mogelegheit for medverknad på barnehagen sitt innhald og planar, gjennom tilbakemeldingar og foreldreevalueringar.
- Samarbeidsutval
- Vi strekk oss langt for å imøtekomme foreldra sine behov og ynskjer.
- Dokumentasjon/informasjon via barnehagens heime- og facebookside.
- Informasjon gjennom månadsbrev- og planar.
- Primærbarnordning
- Dokumentasjon
- Barnehagens kjerneverdier



## Kap. 4 Omsorg

***I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølv, som grunnlag for trivsel, glede og meistring*** (Rammeplan for barnehagen, 2017)

Barnehagen skal gi barn trua på seg sjølv. Dette lærer barn i aktivitet og samhandling med andre mennesker. Vi er omsorgsfulle, trygge og sensitive vaksne som møter barna med respekt og innleving.

**Mål: Gjennom trygge og omsorgsfulle vaksne, skal barna oppleve meistring og eigenverd.**

### Metodar:

- ICDP (sensitivitetsprogram for omsorgsgjevar)
- Pedagogisk verktøy: "Steg for steg"
- Trygge og anerkjennande vaksne
- Tilgjengelege vaksne, med blikk for barnet.
- Lyttande vaksne i gode samtalar, på barna sine premissar.
- Felles fokus – vi møter barna der de er!
- Trøyst og forståing.
- Positiv konfliktløsning, gjennom kommunikasjon og nære vaksne.
- Ros og forsterking av barna sine gode eigenskapar og handlingar.
- Primærbarnordning.
- Barnehagens kjerneverdier.
- Grøne tankar, glade barn



***Det du seier om meg,  
det du trur om meg,  
slik du er mot meg,  
korleis du ser på meg,  
kva du gjer mot meg,  
korleis du høyrar på meg,  
SLIK BLIR EG!***



## Kap. 5 Leik

**Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast... Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik- åleine og saman med andre** (Rammeplan for barnehagen, 2017).

Vi legg til rette for gode leikemiljø som stimulerar barnas fantasi og kreativitet, både inne og ute. Leiken er ein magisk verden, der dei vaksne kun får delta på barnas premisser.

### Mål:

**Gjennom leiken skal barna få oppleve:**

- mestring
- vennskap og samspel
- glede og humor
- trivsel
- kommunikasjon, verbal og non-verbal
- kreativitet og fantasi
- varierte erfaringar og inntrykk
- erfaring med ulike roller
- Læring
- Utvikling på alle områder

### Metodar:

- Aktive, engasjerte og leikne vaksne.
- Tilrettelegging av det fysiske miljø, inne og ute.
- Tilrettelegging av små leikegrupper.
- Fleksible vaksne, med blick for barna sin leik.
- Skjerming av- og respekt for gode leikesituasjonar.
- Barnehagens kjerneverdier

**LEIKEN KJEM FØRST!**





## Kap. 6 Læring

***Nysgjerrighet, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane... Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring*** (Rammeplan for barnehagen, 2017).

All læring skjer i samspel mellom menneskar. Tryggleik er ein føresetnad for læring. Det er derfor viktig å legge til rette for trygge og varierte lærings situasjonar i løpet av barnehagekvardagen. Vi skiljar mellom formelle og uformelle lærings situasjonar i barnehagen. Formelle lærings situasjonar er organiserte aktivitetar, med klare læringsmål. Uformell læring skjer mellom anna i rutinesituasjonar som påkledning, måltider, stellesituasjonar og liknande.

**Mål: Barna skal få grunnleggande kunnskapar innafor alle rammeplanens fagområde.**

### Metodar:

- Samlingsstunder
- Temasamlinger/gruppeaktivitetar
- Prosjektarbeid, med barns medverknad i fokus
- Felles fokus og gode samtaler
- Engasjerte vaksne, som følger barna sine initiativ.
- Tverrfagleg fokus
- Språkgrupper
- ICDP
- Kreative, nysgjerrige og undrande vaksne, i tett samspel med barn.
- «Steg for steg»
- Vaksne og barn i leik (til dømes butikkleik, kjøkkenleik e.l. )
- Bevisste vaksne, som gir seg god tid med barna i rutinesituasjonar
- Barnehagens kjerneverdier.



**BARNEHAGEN ER FØRSTE STEG PÅ BARNAS SITT UTDANNINGSLØP!**

## Kap. 7 Vår digitale praksis

***Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til lek, kreativitet og læring... I samband med bruk av digitale verktøy skal personalet vere aktive saman med barna. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium*** (Rammeplan for barnehagen, 2017).

Media, teknikk og teknologi omtalas fleire stadar i rammeplanen og angår på forskjellig vis alle dei sju fagområda. Personalet er pålagt oppgåver i forhold til å stimulere barna til å iakttta og undre seg over teknologien, og personalet må sørge for at barna har tilgong til- og tar i bruk teknologi.

Marihøna barnehage har ei digital tavle (Activboard), som nyttas aktivt i det pedagogiske arbeidet, saman med barn. Vi abonnerar på det pedagogiske IKT verktøyet, «Salaby-barnehage». Salaby er eit leikent, praktiskpedagogisk verktøy, retta mot dei eldste barna i barnehagen. Med utgangspunkt i «Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver» bidreg Salaby til å skapa eit godt bindeledd mellom barnehage og skule. Programmet tilbyr ein god kombinasjon av lek og læring.

Den interaktive tavla er også eit godt verktøy til kunst og kreativitet i barnehagen. Barna kan teikne/male direkte på tavla, med fingrar eller penn. I tillegg finnas det uttallege moglegheitar med bruk av internett. Ein kan mellom anna lage animasjonsfilmar, finne svar på ulike spørsmål- og stoff til temaarbeid.

Personalet ved begge avdelingar nyttar i tillegg I-pad og smarttelefonar i sitt arbeid med prosjektarbeid og dokumentasjon.

Vi har digitalt mikroskop og fuglekasse med Webkamera. Desse vertøya nyttar vi aktivt i arbeid med realfag i barnehagen.



Nyfødte Blåmeisbarn i vår digitale fuglekasse.

## Kap. 8 Danning

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg detaking i demokratiske fellesskap... Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktige for fellesskapet... Barna skal støttast i å uttrykkje synspunkt og skape meining i den verda dei er ein del av (Rammeplan for barnehagen, 2017).

Vi har gjennom eit eige utviklingsarbeid laga ei lokal handlingsplan mot mobbing, for Marihøna barnehage.

### Tre hovudmål for planen:

- Eit trygt, inkluderande og mobbefritt barnehagemiljø!
- Alle skal ha minst ein- og helst fleire gode venar i barnehagen
- Trygge barn og vaksne i Marihøna barnehage

### Metodar:

- Handlingsplan mot mobbing (Marihøna barnehage, 2018)
- Forut barneaksjon
- ICDP - Omsorgsfulle og anerkjennande vaksne
- Konflikthandtering
- Steg for steg
- Gode rollemodellar
- Barnehagens kjerneverdiar
- Grøne tankar, glade barn



## Kap. 9 Barn sin medverknad

Barna skal jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen... Ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modenskap. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta (Rammeplan for barnehagen, 2017).

Medverknad inneber at barnet skal gis muligheit til å påverke sin kvardag og på denne måten bidra til å skape sin eigen identitet.

Barna sine kjensler og uttrykk skal tas på alvor. Vi vektlegg barnas synspunkt i samsvar med alder og modning, både i planlegging- og vurderingsarbeidet i barnehagen.

### Metodar

- Prosjektarbeid med utgangspunkt i barna sine initiativ.
- ICDP- International Child Development Program
- Sensitive vaksne, som tek barna på alvor.
- Lyttande pedagogikk
- Merksame vaksne, som lyttar til barna sitt kroppsspråk, handlingar og verbale språk.
- Anerkjennning av barna sine meiningar, følelsar, vilje og behov.
- Barnesamtaler
- Dokumentasjon
- Vigilo
- Barnehagens kjerneverdier
- Grøne tankar, glade barn



### Frå barnekonvensjonen:

*«Du har rett til å si hva du vil. Du har rett til å uttrykke det du er opptatt av, det du har på hjertet, det du tenker og føler og mener. Det står i alle barn og unges grunnlov.»*



## Kap. 10 Dokumentasjon

**Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda** (Rammeplan for barnehagen, 2017).

Mål:

Gjennom dokumentasjon ønskjer vi;

- Å få fram ulike oppfatningar og opne for ein kritisk og reflekterande praksis.
- Å leggja til rette for refleksjon over barnehagens verdigrunnlag og oppgåver, samt barnehagen som arena for lek, læring og utvikling.
- Gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemynde informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen vår.

Metode:

- Bruk av Vigilo
- Bildar
- Praksisfortellingar
- Video
- Bruk av diktafon
- Utstilling av barnas arbeid

Vi synleggjer dokumentasjonen:

- I Vigilo
- På avdelingane/i garderoben
- På barnehagens facebookside
- På barnehagens heimeside
- I månadsbrev
- Lokale utstillingar i bibliotek, rådhuset og liknande.



## Kap. 11 Vennskap og fellesskap

***I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap*** (Rammeplan for barnehagen, 2017).

Alle barn skal møtast med tillit, respekt og anerkjenning, uansett funksjonsnivå og nasjonalitet. Barna skal oppleve meistring og ein meningsfylt kvardag i barnehagen, sett ut i frå eige alders- og utviklingsnivå. Likskap og ulikskap skal gi rom for undring og forskartrong. Ulike kulturar og individuelle eigenskaper skal gis plass i barnehagen.

**Mål 1: Marihøna barnehage skal fremme demokrati og likestilling.**

**Mål 2: Marihøna barnehage skal forebygge, stoppe og følge opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkelser og uheldige samspillsmønstre.**

### Metodar:

- Handlingsplan mot mobbing (Marihøna barnehage, 2018)
- Vennskapsprosjekt om hausten
- FORUT barneaksjon- «Barn hjelper barn»
- ICDP- samspillsmetode
- PGS – «Problemløsning gjennom samtale»
- Barnesamtaler
- Samlingsstunder
- Medverknad frå foreldre
- Barns medverknad
- Leikegrupper
- «Steg for steg»
- Språkgrupper
- Grøne tankar, glade barn
- Kjerneverdiane våre



## Kap. 12 Progresjon

**Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve fremgang... Barn skal få utfordringar som er tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene sine** (Rammeplan for barnehagen, 2017).

**Mål: Alle barn i Marihøna barnehage skal oppleve meistring, samstundes som dei til ein kvar tid har noko å strekkja seg etter.**

### Metodar:

- Språkstandardar
- Progresjonsplan for fagområda
- Bevisst bruk av materiale, bøkar, leiker, verkty og utstyr.
- Aldersinndelte grupper ved avdelingane
- Kjerneverdiane våre
- «Alle med» - kartleggjingsmateriale
- TRAS – Tidlig Registrering Av Språk
- Språkgrupper
- Førskulegruppe
- Grøne tankar, glade barn





## Kap. 13 Fagområda

***Fagområdene speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen... Leiken dannar eit viktig grunnlag for arbeidet med fagområda*** (Rammeplan for barnehagen, 2017).

Rammeplan for barnehagen definerer sju fagområder for barnehagen;

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørse, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- mengd, rom og form

Kvart fagområde dekkjer eit vidt læringsfelt og vil sjeldan opptre åleine.

I Marihøna barnehage tenker vi tverrfagleg, både i kvardagssituasjonar og i pedagogiske opplegg. Gjennom å tenke heilskapleg trekker vi inn dei ulike fagområda i både formelle og uformelle læringssituasjonar. Leiken er for oss ein viktig inngong til å arbeida med dei ulike fagområda.



## Kap. 14 Marihøna barnehage sine satsingsområder 2018/2019

### **Meland kommune, Realfagskommune 2018**

Meland kommune er ei av landets Realfagskommuner. Dette innber at alle kommunen sine skular og barnehager har eit høgt fokus på realfaga, naturfag og matematikk. For barnehagene gjeld dette fagområda; **Natur, miljø og teknologi** og **tal, rom og form**. Dette er eit fellesprosjekt mellom kommunen sine skular og barnehager og det er danna nettverk, for felles kompetanseheving for personalgruppene. Målet er mellom anna å auke barna sin generelle kompetanse innafor realfaga og redusere fråfallet i vidaregåande skule.

Som eit ledd i realfagssatsinga vel vi å halde fram med **Natur, miljø og teknologi** som hovudsatsingsområde, saman med **kommunikasjon, språk og tekst**. I Marihøna barnehage har vi språk som eit fast satsingsområde, då dette er ein av dei viktigaste basiskompetansane, barna bør ha på plass før skulestart. I tillegg til dette vil vi fokusere mykje på barna sin **sosiale kompetanse, gruppedynamikk og venskap**.

### **Natur, miljø og teknikk**

Vi vil gje barna eit mangfald av opplevingar og aktivitetar, inne og ute, til alle årstidar og i all slags vær. Vi vil undre oss- og forske på naturens finurligheter, saman med barna. Gjennom kjennskap til naturen- og samspelet mellom mennesket og naturen, vil vi gje barna grunnleggande forståing av ein bærekraftig utvikling. Om våren er det fugleliv i barnehagen vår. Rundt påsketider starter vi rugekassen med hønseegg. Vi følger eggene sin utvikling, fram mot klekking av små, søte kyklingar. Den digitale fuglekassen vår gir også ei unik muligheit for å følgje fuglelivet på nær hald. Vi følgjer prossessen frå byggjing av reir til dei små fuglungane tar sin første flygetur.

### **Kommunikasjon, språk og tekst**


Her vil vi leggje vekt på språk som basiskompetanse. Munnleg språk er ei avgjerande ferdigheit i kommunikasjonen, seinare i barna sine liv. Kommunikasjon er ein føresetnad for samspel mellom menneskjer. Det verbale språk lærast gjennom samspel og kommunikasjon. Vi vil fokusere både på den non-verbale og den verbale kommunikasjonen, for å bidra til å gi barna gode språklege ferdigheiter.

### **Personalets utviklingsarbeid**

I Marihøna barnehage jobbar vi kontinuerleg for å auke personalet sin kompetanse, gjennom ulike endrings- og utviklingsarbeid. Dette året vil vi ha spesielt fokus på gruppedynamikk og barna sin trivsel i barnehagen. Gjennom å studere og reflektere, kring barnehagen som kontekst for barna sin læring og utvikling, ønskjer vi å oppnå auka bevisstheit i personalgruppa. Korleis oppstår nye venskap mellom barn? Korleis kan vi leggje til rette for ein god gruppedynamikk, der alle kjenner seg trygge, trivast og får oppleve venskap og positivt samspel med andre barn og vaksne. Dette arbeidet vil inngå som eit viktig ledd i implementeringa av ny rammeplan (2017) og barnehagen sin nye *handlingsplan mot mobbing* (2018).

## Kap. 15 Kommunikasjon, språk og tekst

Mål:	Metodar:
<p>Gi barna god forståing av Kvardagslege omgrep.</p> <p>Alle barn skal bli høyrd.</p> <p>Alle barn skal lære å utrykkje seg verbalt og kroppsleg.</p> <p>Gje barna leselyst</p> <p>Fange opp mangler/vanskar i enkeltbarns språkutvikling</p> <p>Sikre barna eit best mogleg språkleg utgangspunkt før skulestart</p>	<p>Tema-/prosjektarbeid Samlingstunder Gode samtaler, med felles fokus Songar, rim og regler Bruk av digital tavle (IKT)</p> <p>Lyttande, aktive og sensitive vaksne</p> <p>Drama Vi set ord på- og namngjer Bruk av konkretar TRAS- Tidlig Registrering Av Språkutvikling Språkgrupper</p> <p>Tilgjengelege bøker ved avdelingane Høgtlesing og forteljing Billed- peikebøker Språkgrupper med barnebøkar som tema</p> <p>TRAS- Tidlig Registrering Av Språkutvikling Steg for steg Vaksne i tett samspel- og gode samtalar med barn</p> <p>Vi arbeidar ut i frå fastsatte <b>språkstandarar</b>, for å sikre alle barn eit likt- og heilhetleg tilbod, med fokus på språk som basiskompetanse</p>



*Språk er meir enn berre ord!*

## Kap. 16 Kropp, rørse, mat og helse

Mål:	Metodar:
Alle barn skal oppleve meistring og glede på tur	Gi barna positive erfaringer med turer i ulendt terreng. Tematurar. Turgrupper etter alder og mogning. Medverknad.
Positivt sjølvbilde, gjennom motorisk meistring	Turar i skog og mark. Sensemotoriske aktivitetar, ute og inne. Hinderløype.
Lære navn på kroppsdelane	Benevne- og peike på. Vi undrar oss saman med barna. Songar, rim og regler.
Gi barna kjennskap til sansane våre.	Gi barna erfaringar med dei ulike sansane. Vi lukter, føler, smakar og lyttar. Saneboksar og sansebrett.
Gi barna erfaring med eit normalt, sunt kosthald	Måltider med fokus på eit sunt kosthold. Samtaler kring maten vi et og korleis den påverkar oss. Matlagingsgrupper kvar fredag.
Lære gode rutiner for handvask og hygiene	Handvask etter toalettbesøk og før måltida. Samtaler.

*Vi lar barna oppleve verda gjennom sansing og kroppsleg aktivitet!*





## Kap. 17 Kunst, kultur og kreativitet

Mål:	Metodar:
Gi rom for barna sin kreativitet og skaparglede.	Tekning, maling, perling, klipping, liming, veving, sløyd m.m. Tilgjengeleg formingsmateriell. Jule- og påskeverkstad.
Barna skal bli kjend med barnehagen sitt nærmiljø.	Turar i nærmiljøet, skulebesøk, Gardsbesøk, brannvernveke.
Barna skal kjenne til Samene og samisk kultur.	Samisk uke, der vi mellom anna feirar samene sin nasjonaldag
Barna skal ha kunnskap om dei ulike land/kulturar som er representert i barnegruppa.	Samtaler Samlingsstunder Songar, telling, flagg m.m. Eventyr og forteljingar. Foreldremedverknad



## Kap 18 Natur, miljø og teknologi

Mål:	Metodar:
Gi barna gode naturopplevingar.	Turar tilpassa barna sine utviklingsnivå. Aktive vaksne, som legg til rette for gode turopplevingar. Tilbereding av ute.
Gi barna gode haldningar og ei gryande forståing for samspelet mellom natur og menneske.	Kildesortering Samtalar Samlingsstunder Ryddeaksjonar Turar til fjæra
Barna skal utvikle respekt for plantar, dyr og naturen kring oss.	Gi rom for undring. Formelle/uformelle samtalar. Gardsbesøk under lamminga i mai. «Frå jord til bord» prosjektar.
Skape forskartrong.	Ulike forsøk. Tilgjengelig utstyr. Vi stiller spørsmål og undrar oss saman med barna Besøk på VilVite med førskulebarna.



## Kap. 19 Etikk, religion og filosofi

Mål:	Metodar:
Barna skal utvikle respekt og toleranse for andre mennesker	Samlingsstunder «alle med» «steg for steg» ICDP
Barna skal skilja mellom gode og dårlege handlingar	Forut aksjon – Barn hjelper barn. Vennsapsprosjektet. Følelesskulen.
Nysgjerrige barn, som vågar å stille spørsmål	Gode rollemodellar. Uformelle samtalar. Aktive vaksne, som støttar barna i konfliktløysing. Positiv grensesetting. Undrande og nysgjerrige vaksne, som lyttar og gjer seg tid i samtalar med barna.
Barna skal ha kjennskap til påske- og julebodskapen	Markering av jule- og påske høgtida.





## Kap. 20 Nærmiljø og samfunn

Mål:	Metodar:
Gi barna kjennskap til nærmiljøet- og nærmiljøets kulturhistorie	Turar Samtaler Gardsbesøk Hausting av eple, pærer og plommer, etter avtale med hageeiere i nærmiljøet.
Gi innsikt i korleis barn i andre land lever	Forut aksjonen- barn hjelper barn.
Gi barna kjennskap til grunnleggjande brannvern.	Brannvernveka: Brannøving i samarbeid med lokal brannstasjon. Besøk av brannbil med mannskap.
Barna skal være kjent med det lokale biblioteket	Besøk på biblioteket Utstilling/dokumentasjon av barnehagen sitt arbeid og kunst i bibliotekets lokaler.
Vere eit samlingspunkt for foreldre og barn	Foreldrekafé og besteforeldrekafé



## Kap. 21 mengd, rom og form

Mål:	Metodar:
<p>Gi barna kunnskap om tal, teljing og talomgrep.</p> <p>Barna skal ha kjennskap til omgrep som tid, mål og vekt.</p> <p>Gi barna kjennskap til viktige matematiske omgrep, som trekant, firkant og sirkel.</p> <p>Gi barna kunnskap om storleik og plassering.</p> <p>Barna skal få erfaring med sortering og samanlikning ut i frå ulike kategoriar.</p> <p>Gi barna forståing av at tal nyttas på mange måtar og i ulike samanhengar.</p>	<p>Bruk av teljing i kvardagssituasjonar, som før vi syng, under påkledning og når vi dekker bordet.</p> <p>Teljing i formelle læringssituasjonar, som under samlingar, på tur og under temaarbeid.</p> <p>Pedagogisk verktøy: Mattekassen, Mattemeisen</p> <p>Vi undrar oss sammen med barna; Kva stein er tyngst? Kor lang tid er «snart»?</p> <p>Vi måler barna.</p> <p>Matlaging.</p> <p>Samlingsstunder.</p> <p>Bruk av formingsaktivitetar med ulikt materiale.</p> <p>Spel og bruk av terningar.</p> <p>Vi måler, veg og samanliknar.</p> <p>Vi øver på preposisjonar, under, oppå, ved sida av.</p> <p>Konstruksjonsleik med Lego, perler, plastilina og liknande.</p> <p>Vi sorterer leiker når vi rydder.</p> <p>Vi måler barna og sammenlikner. Kven er høgst og kven er minst? Vi lager rekker av barn og sorterer etter høgda.</p> <p>Tal som antall/mengde (Kardinaltal).</p> <p>Tal som nummer i ein rekkjefølgje (Ordinaltal).</p> <p>Tall som navn.</p>



## Kap. 22 Årshjul – Kultur og tradisjonar

MÅNAD	AKTIVITET
<b>August</b>	Tilvenning, Tema vennskap/følelser 14.08. Planleggingsdag
<b>September</b>	14.09. Fotografering 20.09 Foreldremøte, kl. 19.00-21.00 Uke 38 Brannvernveke Hausting av grønnsaker 25.09. Fellessamling Uke 39. Barnesamtalar
<b>Oktober</b>	Uke 40. Barnesamtalar fortset FORUT barneaksjon 24.10. FORUT kafè
<b>November</b>	Uke 44-45. Matteuker 09.11. Planleggingsdag Foreldresamtaler 11.11. Farsdag 30.11. Juleverkstad
<b>Desember</b>	Førjulsaktivitetar/adventsamlingar- Eksperimentkalender Julevandring i Meland kyrkje 13.12. Luciatog til sjukeheimen-Foreldrefrokost 20.12. Nissefest med julegrøt
<b>Januar</b>	02.01. Planleggingsdag Uke 3. Barnesamtalar
<b>Februar</b>	01.02. Planleggingsdag Uke 6. Samisk veke - 6.2. markering av samenes nasjonaldag. 10.02. Morsdag 22.02. Karneval
<b>Mars</b>	03.03. Fastelaven 13.03. Barnehagedagen – Kunst, kultur og kreativitet Kartlegging TRAS/ALLE MED
<b>April</b>	Påskeaktiviteter Uke 15. Vi starter Rugemaskinen Foreldresamtaler Gardsbesøk Skulebesøk for førskulebarna
<b>Mai</b>	16.05. 17. maitog 28.05. Planleggingsdag 24.05. Besteforeldretreff
<b>Juni</b>	Uke 23. Avslutningstur for skulestartarane Svømmekurs for skulestartarane 13.06. Somarfest 19.06. Sykkeldag

## Kap. 23 Vurderingsarbeid

Barnehagens arbeid skal vurderes med bakgrunn i gitte kriterium i Barnehageloven, Rammeplanen og lokale planar og retningslinjer. Lokale planar vil i denne samanheng vere overordna kommunale planar og retningslinjer, samt barnehagens interne planverk. Her kan vi mellom anna trekkje fram;

- a) Kommuneplanen
- b) Årsplan
- c) Kjerneverdier og visjon
- d) Handlingsplanar
- e) Årshjul
- f) Språkstandarar
- g) Progresjonsplan for fagområda
- h) «Frå eldst til yngst»- Plan for overgang frå barnehage til skule

Vurderingsarbeid som vert gjort gjennom barnehageåret er viktig, for å sikre kvaliteten i barnehagen. Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon.

Vurderingsarbeidet blir delt inn i tre delar;

### a) **Foreldrevurdering.**

Gjennom mellom anna kvardagsdialogen, samarbeidsutvalet, foreldresamtaler og brukarundersøkingar får vi mykje kunnskap om arbeidet vi gjer. Dette er med på å sikre foreldra sin medverknad til verksemda.

### b) **Personalvurdering.**

På avdelingsmøta våre legg vi til rette for refleksjon og evaluering, kring arbeidet vi gjer på avdelingane. Vi prøver ut- og evaluerer, slik at vi heile tida er i utvikling.

Vi nyttar Udir sin ståstedsanalyse får å kartlegge behov for endring og utvikling.

Ved personalmøter og planleggingsdagar evaluerer vi barnehagens overordna planar og det heilskapelege arbeidet.

Vi nyttar rettleiing og medarbeidarsamtalar i arbeidet med personalvurdering.

### c) **Barna sin vurdering.**

Denne vurderinga er svært viktig. Vi nyttar barnesamtalar enkeltvis, men også i små grupper. Vi nyttar også spontane samtalar med barna, for å få kjennskap til barna sin trivsel og utvikling.

Med dei minste barna jobbar vi med å tolke kroppsspråk og lydar, noko som seier mykje om kva eit lite barn ynskjer og kva det trivast med å gjere.

## Kap. 24 Overgang frå barnehage til skule

**Barnehagen skal, i samarbeid med foreldra og skulen, leggje til rette for at barnet kan få en trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som kan gi dei eit godt grunlag og god motivasjon for å begynne på skulen** (Rammeplan for barnehagen, 2017).

Dei fleste skulane i Meland kommune, mellom anna Sagstad skule, nyttar Aktivboard i undervisninga. Gjennom å ta tavla i bruk allereie i barnehagen, gjer vi barna eit forsprang i møte med skulens digitale kvardag.

### Mål:

I Marihøna barnehage skal vi leggje til rette for ein best mogeleg overgang mellom barnehage og skule, for alle barn.

Dette vil vi mellom anna gjere gjennom:

- Felles realfagsprosjekt for skulane og barnehagane i kommunen.
- Førskulegruppe
- Eigne utflukter for førskulebarna
- Samarbeid med skulane i nærområdet
- Skulebesøk
- Bruk av digital tavle- Aktivboard
- Bli kjent med skulane sine leikeplassar
- Tverrfagleg basisteam, med fokus på enkeltbarn.
- TRAS
- Språkgrupper for fleirspråklege barn.
- Foreldresamarbeid
- Samarbeid med andre offentlege instansar, som m.a. helsestasjon, barnevern, spesialpedagogar.





## Den gode barnehage;

- *Er heile tida i utvikling.*
- *Opnar for gode opplevingar.*
- *Møter foreldra med openheit.*
- *Gir barn mogelegheit til å utvikle basiskompetanse gjennom leik og læring i sosialt samspel og gjennom arbeid med dei ulike fagområda.*
- *Gir barna fridom, med mogelegheit til sjølv å styre sin kvardag innanfor grenser som dei kan mestre i forhold til alder og utvikling.*
- *Har ikkje fasttømra program, men er fleksibel i bruk av planar.*
- *Gjer dei tilsette yrkesglede og mogelegheit for fagleg utvikling.*
- *Stagnerer ikkje, men har heile tida ei målbevisst styring av sine endringsprosessar.*

*(ref. Morten Halvorsen, foredragsholder)*



**Meland kommune**  
*- Eit samfunn for alle -*